

Styremøte 31.okt.-18

Desse møtte: Mette Marie, Nelly, Solveig, Kristin, Eva, Judith, Sunneva.

- Sak 75/-18 Referat og meldingar
* Val:Judith Krogh, leiar i valnemnda, orienterte om arbeidet til nemnda.
*OD-kafe: Solveig og Judith hjelpte skuleungdomane med arrangementet.
*Evaluering av tilstellinga på verdas matvaredag:
Gode tilbakemeldingar, godt opplegg på kjøkkenet.
Ordføraren vil gjerne ha Risvik opp att ein gong til. Økonomi litt i pluss.
Laget har blitt sponsa med 35000 kr til tilstellinga.
Takkeannonse for hjelp og pengestøtte kjem i lokalavisa.
- Sak 76/-18 Nettkurs 25. nov. på Molde.
Pris 500 [kr.pr.](#) deltaker som laget betaler.
Påmelder Nelly. Mette spør Judith, Bjørg, Vigdis om dei er interesserte.
- Sak 75/-18 Godtgjersle samrådingsmøte
Nelly med sak til årsmøte om godtgjersler:
Godtgjersle for bil og passasjer etter statens satsar.
Laget betaler heile reisa, bil og ferje.
Deltakarane betaler ein tredjedel av sjølve opphaldet.
Laget betaler alt for dei to årsmøteutsendingane som har røysterett.
- Sak 76/-18 Aktivitetar/ årsplan
Ta ein diskusjon på årsmøtet om kva medlemmene vil ha på årsplanen.
Mette legg fram eit framlegg til årsplan med dei faste aktivitetane.
Styret vil gjerne høre om t.d. framlegg til tema på medlemsmøte,
eller kor mange ekstra tilstellingar vi skal delta på og hjelpe til med.
- Sak 77/-18 Årsmøte torsdag 8.nov. kl. 17
Ballmiddag, kaffi og kake på Lupinen kl. 17. Eigenandel kr.100.
Årsmøtesaker på Loftstova kl.18.30.
Mette spør Bjørg om å vere møteleiar.
Saker til årsmøtet: Frå styret - framlegg om ingen lokallagskontigent.
Frå Nelly - Om godtgjersler.
Guatemala - Mette leitar fram opplysningar om landet.
Songar - Sunneva tek med.
- Sak 78/-18 Eventuelt
VERVEGRUPPE:
Styret ynskjer seg ei vervegruppe som står på for å verve fleire VBK-medlemer.
Kristin Alstadsæter stiller som medlem.
Er det fleire som kan tenkje seg seg å vere med i gruppa?

Styremedlemer tek no kontakt med folk dei veit har synt interesse for laget.

***BLÅTUR!!!**

Dato: 19.nov., avreise frå Sylte kl. 16.30 med privatbilar, middag kl. 18, og siste spennande programpost kl. 19.30.

Laget sponsar reise og inngangsbillett.

Invitasjon med påmelding blir sendt ut.

Turkomiteen har tilrettelagt ein artig Blåtur for VBK-medlemer

som EI VARM TAKK TIL ALLE FOR FIN INNSATS I 2018!

ÅRSMØTE 8.NOVEMBER og BLÅTUR 19.NOVEMBER

TO VIKTIGE DATOAR, skriv dei opp!!!

Sunneva Linge skrivar